



## Notat

Dato: 17.08.2018  
Arkivsak: 2018/12062-4  
Saksbehandlar: arnasan

---

**Til:** Utvalet for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om tannhelsetenesta

Spørsmåla er ei oppfølging av referatsak 43/2018, og er stilt av representanten Dan Femoen. Dei nye spørsmåla dreier seg kun om tannhelsetenesta sitt kompetansesenter – TkVest/Hordaland.

#### Generelt:

Stortinget vedtok i 1998 å be regjeringa syta for at det blei oppretta regionale odontologiske kompetansesentra i Noreg. Bakgrunnen for vedtaket var å sørge for at tannhelsetenesta fekk eit spesialisttilbod – i hovudsak til dei prioriterte pasientgruppene. Men det var og eit mål å leggja til rette for ei spreining av spesialistar. Spesialisttilbodet innan tannhelse var – og er framleis – i stor grad lokalisert i dei største byane. Det er vidare godt dokumentert at det er to delar av norsk helseteneste som driv lite med forskning – nemleg den kommunale helsetenesta og tannhelsetenesta.

Så mandatet til dei regionale odontologiske kompetansesentra er:

- Spesialistbehandling og rådgiving/rettledning til både offentlege og private tannlegar
- Klinisk, praksisnær forskning
- Bidra i utdanning av spesialistar

Det er i dag 6 regionale kompetansesentra i Noreg. TkVest/Hordaland blei opna i august 2012, og er eigd og dreven av Hordaland fylkeskommune. Det har sidan 2013 vore ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om at tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane også bruker TkVest/Hordaland som sitt kompetansesenter.

Representanten Dan Femoen har stilt desse spørsmåla:

**1) Fra hvor kommer disse 617 over 20 år voksne betalende pasientene fra, Bergen kommune eller fra distriktene?**

TkVest/Hordaland har ikkje eigne tal som viser kva kommunar eller distrikt dei vaksne, betalende pasientar over 20 år er tilvist frå. Men for alle tilviste pasientar er fordeling alik:

- 2/3 av pasientane blir tilvist frå offentlege tannklinikkar i Hordaland. Ut frå befolkningsgrunnlag er det ei relativt lik fordeling mellom pasientar frå by- og landdistrikt
- 1/3 av pasientane blir tilvist frå privatpraktiserande tannlegar, tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane og Haukeland universitetssjukehus. Nokre pasientar er og tilvist frå Institutt for klinisk odontologi («Odontologen») fordi dei ikkje eignar seg i studentundervisning, og nokre er og tilvist frå eigen fastlege.

## 2) Fra hvor kommer alle de 1868 henviste pasientene fra? Dekker Kompetansesenteret hele regionen?

Sjå svar på det forrige spørsmålet. TkVest/Hordaland har det regionale ansvaret for å gje eit spesialisttilbod i fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2017 vart det behandla 60 pasientar på TkVest/Hordaland som var tilvist frå tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

## 3) Er vanlige voksne betalende pasienter over 20 år et fylkeskommunalt ansvar?

Lov om tannhelseteneste regulerer kva som er fylkeskommunen sitt ansvar. I §1-1 står: «Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelige for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket.»

I §1-3 står det vidare kva grupper som den offentlege tannhelsetenesta har eit spesielt ansvar for å gi tannhelsetenester til, f eks born og unge til og med 20 år. Fylkeskommunen har såleis ikkje eit lovpålagt ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til pasientar over 20 år. Men fylkeskommunen har eit ansvar for å sørge for at tannhelsetenester i rimelig grad er tilgjengelig for denne gruppa, til dømes hos privatpraktiserende tannlege.

## 4) Tannlegeårsverk i 2017 - Kompetansesenteret (TkVest Hordaland) : 14 tannlegeårsverk. 1868 pasienter dividert på 14 tannlegeårsverk dividert på 44 arbeidsuger = 3 pasienter/uke/tannlege

**Kanskje skal hver av disse til flere behandlinger. Men hver uke har også 37,5 arbeidstimer. Dette gir veldig god tid til "praksisnær" forskning. Men hva med mengdetreningen som skal til for å opprettholde spesialistenes kompetanse?**

Det aktuelle talet – 1868 pasientar – er tal på nye, tilviste pasientar i 2017. For å få eit bilete av aktivitetsnivå vil det vera betre å bruke tal konsultasjonar (timeavtalar) i staden for tal henvisingar. Totalt tal konsultasjonar i 2017 for spesialistane på TkVest/Hordaland var ca 20 000. Dette talet omfattar timeavtaler både for tannlege og tannpleiar, og både spesialistklinikken i Årstadveien 19 og på klinikken på Haukeland sjukehus.

Fylkestannlegen vil også informera om:

- Offentleg tilsette tannlegar har ei avtalefesta arbeidstid på 36 timar pr veke
- Kompetansesenteret har som oppgåve å driva rettleiing og rådgjeving til både offentlege og private tannlegar. Målet er at mest mulig behandling kan skje ute på tannklinikken som pasienten normalt tilhøyrrer. I 2017 blei ca 30% av arbeidstida brukt til rådgjeving og rettleiing.
- Nokre av dei tilviste pasientane vil ha behov for behandling og oppfølging over lang tid. Eit eksempel er pasientar født med leppe-, kjeve-, gane-spalte som er under behandling og oppfølging frå fødsel til godt opp i vaksen alder.

## Når det gjelder forskning, så har TkV Hordaland tilsatt 7,6 forskere. Det burde komme ut ganske mange prosjekter og publikasjoner fra den institusjonen. Ønsker en oversikt dette?

All forskingsaktivitet blir dekkja av statlege midlar etter årleg søknad. Tannhelsetenesta må kvart år rapportera til Helsedirektoratet om bruken av desse midla, og på status i dei ulike forskingsprosjekta.

All forskingsaktivitet, prosjekt og publikasjonar er omtalt på TkVest/Hordaland si heimeside – sjå:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/tannhelse/tkvesthordaland/forsking/>

Fram til 2018 er det to stipendiatar tilknytta TkVest/Hordaland som har disputert for PhD-grad. Den siste disputasen var i april 2018 – sjå:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2018/tek-doktorgrad-pa-omsorgssvikt/>

Til nå er TkVest/Hordaland det einaste regionale, odontologiske kompetansesenter i landet der tilsette stipendiatar har fullført doktorgradsarbeidet.